

ÅRSMØTE FOR 2015 HAFSLO IDRETTSLAG



*Stolte G12-gutar fekk utdelt velfortent Fair Play-pris i samband med trening på
kunstgrasbana mandag 2.november!*

INNHOLD

- Årsmelding frå styre**
- Årsmelding frå barneidrettsgruppa**
- Årsmelding frå trimgruppa**
- Årsmelding frå langrennsgruppa**
- Årsmelding frå alpingruppa**
- Årsmelding frå hopngruppa**
- Årsmelding frå orienteringsgruppa**
- Årsmelding frå fotballgruppa/stadionstyre**
- Årsmelding frå foreldrelaget for aldersbestemt fotball**

Økonominemnd:	<i>Nils Petter Solheim – leiar</i> Audhild Molland Aspelund Rine Merete Kvam, Camilla Bremer
Foreldrelaget:	<i>Erna Hamrum – leiar</i> Torill Ruud, Jorunn Røyrvik, Hanne Kvam Britt Brugrand
Lerum-cup nemnd:	<i>Geir Afdal – leiar</i> Erna Hamrum, Sverre Kjos-Wenjum, Jan Ølnes Ove Midtbø - fotballgruppa Karita Nes – alpin
Skøyteutval:	Per Ivar Lomheim, Terje Kalhagen
Friidrettsutval:	1 representant frå trimgruppa
Hafslvatnet rundt nemnd:	Svein Haugen, Harald Hess, Magnar Heggestad Langrennsgruppa
Utdanningskontakt:	Paul Fransen
Idrettsråd:	Paul Fransen
Revisorar:	Gerd Westby Haugen, Herman Odd Stein
Vararevisor:	Geir Arne Kvam
Valnemnd:	<i>Aamund Bremer – leiar</i> Elin Hilleren, Laila Heggestad

7. Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskytтарforbund
- Norges Orienteringsforbund

8. Økonomisk resultat

Økonomien til Hafslo er god og stabil. Laget har årlege inntekter gjennom dugnad, tilskot og sponsorar. Drifta er økonomisk forsvarleg og nøktern med god kontroll gjennom rekneskapsrapportar.

Av inntektsgjevande arrangement kan nemnast:

Marknad	:	kr 66 445
Lerum cup	:	kr. 465 000

Dette er fine resultat og viktige inntektskjelder for laget

Detaljar om rekneskapen finn ein i rekneskapsoversynet som vert framlagt på årsmøte.

9. Mottekne midlar

På økonomisida er det stabilt som tidlegare år. Reknesakpen for 2015 viser eit fint resultat for laget. Drifta er god, jf. rekneskap for 2015. Styret arbeider kontinuerleg med laget sine sponsorar og støttespelarar. Luster sparebank er laget sin hovudsponsor og gir oss eit framifrå godt grunnlag, både gjennom sponsoravtalen, men og ved einskildhøve/-arrangement. Dei største økonomiske støttespelarane våre er:

Luster Sparebank	kr 110 000
Luster kommune	kr 131 699
Avery Dennision NTP	kr 25 000
Norsk Tipping(grasrotandel)	kr 45 184
Tine Fotballskule	kr 13 527
Reklame/skilt	kr 15 000
Momsrefusjon (ikkje med 7'ar bana)	kr 89 856
Norges idrettsforbund (aktivitetsmidler)	kr 68 771

I tillegg er det mange bedrifter i nærområdet som bidreg til mellom anna marknaden, skiltreklame i Moane mm.

Vi vil med dette rette ei stor takk til alle som er med og støttar opp om Hafslo idrettslag.

Organiseringa av barneidretten sikrar at all idrettsopplæring for dei under 11 år er samordna og i tråd med retningslinene. Alle aktive grupper er med og bidreg til rett og god teknikkopplæring i dei ulike idrettane. Barneidretten i laget er framleis blant dei beste med stor allsidigheit og gode opplegg. Gruppa har mange deltagarar.

Trimgruppa syter for at medlemmane blir kjent i nærområdet i bygda gjennom heile året Ein ser ein auke i trimaktiviteten, noko som er i tråd med det førebyggjande arbeidet.

Orienteringsgruppa har ein jamn aktivitet i alle aldrar og samarbeidar med naboklubbar.

Vi har hatt deltagarar både på regionale, nasjonale og internasjonale renn med fine resultat.

Laget har deltagarar på både sone- og krinslag.

I fotballgruppa er jamn aktivitet og vi greier å stille lag i dei fleste årsklassar sjølv om nokre av årsklassane må slåast saman og har hatt samarbeid med Kaupanger IL.

Gruppene har vore arrangørar eller med-arrangørar av arrangement på lokalt nivå.

13. Satsingsstipend

Vilde Sletten Moen og Elise Selland fekk satsingsstipend frå Luster Sparebank på kr. 2500,- kvar for si satsing på dommarutdaning innan fotball.

14. Avslutning

Idrettslaget i bygda har mange viktige oppgåver å ivareta. Dei tillitsvalde og medlemmar i idrettslaget gjer ein framifrå arbeid og legg ned mange dugnadstimar. Så langt som råd er, skal Hafslø idrettslag sine interesser kombinerast med einskilde medlemmar, andre lokale lag og organisasjonar, bygdesamfunnet som heilskap og kommunen sine interesser.

Hafslø idrettslag har som mål å nå flest mogleg. Idrettsgrein, dugleik eller alder er ikkje relevant. Kvar einskild medlem skal få lov til å utvikle seg best mogleg ut frå eigne føresetnader i den idretten ho eller han ønskjer å drive.

Vi skal tenkje langsiktig, både idrettsleg og økonomisk.

Idrettslaget har mange gode sponsorar som stiller opp. Ei stor takk til alle dei, men særskilt takk til hovudsponsor Luster Sparebank, Luster Kommune, Sportsbui Sport1 Gaupne og Avery Dennison NTP AS som har bidrege med gode økonomiske avtalar.

Den gode økonomien til laget kjem i stor grad frå positive medlemmar og bedrifter som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak for idrettslaget.

Styret vil rette ei stor takk til alle som er med og bidreg til eit godt og veldrevent lag og som held aktiviteten oppe i idrettslaget vårt.

Vårsesongen starta etter påske. Fotballgruppa starta opp med miniputtrenningar, orientering på Mollandsmarki og friidrettskveldar i Moane.
Sosalkvelden for vårsesongen vart lagt til Tubba, med natursti og grilling.



Frå sosialtur til Tubba.

Haustsesongen starta med miniputtrenningar ved skulestart, så orientering og friidrett der og dei vaksne kunne vere med å ta idrettsmerke.



Frå miniputturnering i Moane.


Me avslutta utesesongen med sosialtur til Hesvollen med natursti og grilling.
Etter haustferien flytta me inn i gymsalen. Ungane vart delt inn i grupper etter alder, og hadde tilbod om basistrening (ved skigruppene) og balltrening (ved fotballgruppa) høvesvis måndagar og onsdagar.

Dei minste ungane, 0-5 år, har hatt eigen tid i gymsal på tysdagar til fri leik.
Det har vore eit år med mange varierte og kjekke aktivitetar og barneidrettsgruppa takkar for god innsats frå alle instruktørar, ungdommar og foreldre som har vore medhjelparar på ulike aktivitetar. I år takkar både leiar og nestleiar for seg og ynskjer nye ”klutar” lukke til ☺
Takk og for flott og ivrig innsats frå alle deltakarane!

For barneidrettsgruppa
Tonje Bremer

Årsmelding for langrennsgruppa 2015

Styret : Jorunn Hillestad Sekse , leiar
Elin Anette Hillestad, Ragnhild Borge Olsen,Kjersti Eikum Tang
Torgeir Torgersen,Trond Sekse



Skisamling på Beitostølen

Trening

Vinteren 2014/2015 hadde Trond Sekse ansvar for skitrening for aldersgruppa 13 år og eldre. Gruppa 11 – 12 år art organisert av Katrin Lægreid Nes med hjelp frå Ellen Johanne Lunde. Dei yngste, 8 – 10 år, var det Jorunn Hillestad Sekse som hadde hovudansvar for med god hjelp frå dei andre foreldra.

Treningane for sesongen starta opp med barmarkstrening etter haustferien i oktober 2014, og vart flytta til Heggmyrane etter nyttår. Det vart ein forholdsvis mild vinteren, men vi hadde fine snøforhold i løypene på Heggmyrane heilt fram til påske. Vi avslutta sesongen med premieutdeling og kveldsmat saman med barneidreten og trimgruppa i kafeen på skisenteret. Vi hadde tilbod om trening for alle tysdagar og torsdagar kl. 18.00 – 19.00/19.30.

Marte Erfjord var med på krinslaget til Sogn og Fjordane skikrins. Ho var med på barmarkssamlingar i Sogn, Sunnfjord og i Nordfjord på sommaren og hausten, og skisamling på Sognefjellet. Ho var og med på skisamlinga på Beitostølen i november.

Etter haustferien starta vi opp att med barmarkstrening tysdagar og torsdagar for å koma i gang til sesongen 2015/2016. Langrennsgruppa hadde ansvar for barmarkstreninga, for aldersgruppa 11 år og eldre, på tysdagar medan Alpingruppa hadde treninga på torsdagar. Dei yngste frå 6 – 10 år trenar i gysalen måndagar, som ein del av barneidretten. Treningane for dei yngste vart organisert i samarbeid mellom langrennsgruppa og alpingruppa.



Skileik for aldersgruppa 13 år og yngre, Beitostølen november 2015

Marte Erfjord er no i kommande sesong blitt seniorløpar, og er med på satsingslaget til Sogn og Fjordane skikrins. Audun Oklevik og Runar Sekse har vore med på impulslaget denne sesongen, men dei har valt å ikkje bli med vidare på kretslaget. Vi håpar likevel å sjå dei på trening i løypene på Heggmyrane, og at dei vert med på krets- og sonerenn til vinteren. Elles håpar vi at alle som har vore med på treningar, sonerenn og krinsrenn i aldersgruppa 11 – 15 år vert med no når vi startar opp att i 2016. Vi håpar og å få med mange i dei yngste klassane, frå 8 – 10 år, no når snøen kjem i løypene.

Vi vil legga opp til skileik på tysdagar og torsdagar no i vinter, og håpar mange små og store vert med på aktivitetane vi lagar til. Onsdagar vert det onsdagscup med tidtaking og Telenor karusell. Vi legg opp til aktivitet for ungar i alle aldrar på onsdagane, og håpar mange små og store vil kosa seg i løypa saman med oss.

Treningssamling

Det har vorte ein tradisjon med skisamling på Beitostølen i november. I år var vi 26 med stort og smått. Vi hadde ei fin helg med mykje god trening. Ei økt fredag, to økter laurdag og ei økt søndag. Den yngste gruppa fekk ei fin sisteøkt laurdag i symjebassengen på Helse sportsenteret. Laurdag kveld bestilte vi felles pizza.

Løypene på Heggmyrane

Det vert no jobba med å få i hamn ny reguleringsplan for dei sentrale delane av anlegget. Håpet er at vi om nokre år skal kunne få rulleskiløype, ny stadion og etter kvart ny løyper på Heggmyrane. Det er eit langsigkt mål, og inntil vidare må vi jobbe dugnad i det anlegget vi har.

Oppsummering

2015 vart ein mild vinter, men forholda på Heggmyrane var fine, og vi fekk avvikla Hafslovatnet rundt på Heggmyrane palmehelga.

Deltakinga på krinsrenn og sonerenn har vore god, og no er vi godt i gang med 2016 sesongen. Vi håpar på ein god og aktiv sesong.

Vårt mål er å auka rekrutteringa blant dei yngste, og samtidig få dei yngre skiløparane til å handa fram med langrenn opp over i årsklassane. Vi satsar på eit godt og sosialt treningsmiljø der treningskvalitet, utfordringar/meistring, variasjon og leik står i fokus. Samarbeid med dei andre klubbane i nærliken vil vera viktig.

Langrennsgruppa har og store forventningar til planane for utvikling av skiløypene på Heggmyrane. Håpet er at vi om nokre år skal ha på plass rulleskiløype, ny 5 km løype og ny stadion. Det vil vera viktig med god dialog og samarbeid med skisenteret og dei andre skiklubbane i kommunen for å nå målet om nyt skianlegg på Heggmyrane.

Langrennsgruppa vil takka alle som har hjelpt og støtta oss gjennom denne sesongen. Ein spesiell takk til Sogn skisenter for den innsatsen dei legg ned for at løypene på Heggmyrane skal vera så god som mogeleg.

Hafslo, 3. januar 2016
Leiar i langrennsgruppa
Jorunn Hillestad Sekse

Mogleg samarbeidsavtale med Sogndal Alpint

I skrivande stund har vi ei avtale til signering med Sogndal alpint, der ein forsøk å få til eit meir robust miljø på onsdagstreningane til vinteren utan at dette skal gå ut over breidda. Vi ser at i ei større samanheng blir klubbane for små kvar for seg og at dette kan gjerast meir slagkraftig. Samstundes er ein nøydt til å ivareta eigne løparar på ei god måte og bygge eit godt miljø og fundament der ein er i ulike idrettslag.

Deltaking og resultat 2015


Hemsedalstur 9-11. januar

Første helgen i januar hadde vi endeleg organisert ein kombinert sosial-og treningsamling. Denne ble raskt fullteikna og mange hadde meldt seg på. Vi hadde kontakta Hemsedal alpin og ville trene saman med dei laurdagen og dei vil halde utstyr. Dette vart kjekt, da det ble kick-off til sesongen i eit snøsikkert område. Vi hadde jobba ekstra dugnad ifm. flyttinga av kontoret til Deloitte i Sogndal tidlegare på hausten for å tene inn til dette. Vi hadde en 12-manns hytte som var ski-in ski-out i Veslestølen-området omtrent midt i bakken. Været var tøft men vi var på ski alle 3 dagane inkl. kveldskøyring på fredagen. Vi lagde mat felles og hadde det veldig kjekt saman. På vegen heim var det sjølvsagt kolonnekjøring over Hemsedal, der nokon valte å køyre rundt via Fagernes. Alt i alt en veldig vellykka tur som vi må prøve å få til fleire ganger, men som også krev ekstra dugnadsinnsats av gruppa.



Fjord1 cup 28/1 og 11/3

Fjord1- rennet blei arrangert over 2 onsdagar med ca 30 deltakarar som gjennomførte dette regionsvise rekrutteringsrennet. Spesielt på det siste rennet var det fartsfylt og gnistrende føre ned frå mast 7. Lågterskel og ofte litt vanskeleg å rekruttere nok deltakarar midt i uka, da mange har andre gjeremål.



NC-klassisk Telemark 17.4

Alpint var også med på dugnaden til å avvikle NC-renna på Sogn Skisenter i april der me stilte som portdommarar. Me benytta eigne mobiltelefonar til å dømme korrekt portpassering, noko som var spennande. 18.4 var det fjelltelemark i Leikangerfjella, men her var det Syril som tro til.



Dugnad

Alpingruppa hadde hovudansvaret for overnatting på skulane på Hafslo under Lerum cup i samarbeid med langrenn og hopp. Det var mykje dei same oppgåvene som har vore dei siste åra, me var noko færre enn det har vore med nokre år. Dette er ei viktig inntektskjelde for alpingruppa, og me fekk noko tilsvarende det same som ifor, da fleire var opptatt denne helgen. Det har i september vore dugnad for skisenteret på den nye heisbua for Sognaheisen, der den ble beist med 2 strøk over 2 helgar. Dette for å sleppe slekke treningsavgift frå skisenteret. I tillegg har alpint jobba dugnad under NC-renna til Telemark i april.

Oppsummering

Me har ikkje nokre nye personar i gruppa til neste år (Ole Henrik Nitter Walaker og Hans Olav Hellesøe) kom inn i fjar og det er kjekt med positive personar som seier ja med ein gong! Nokon er også aktive innafor andre idrettsgreinar og miljø, noko som er utfordrande. Me treng å vere mange då det er ein del oppgåver å fordele. Også tidlegare alpininteresserte i bygda er svært positive når me spør dei om hjelp, dette varmar veldig og gir motivasjon til å fortsette med å byggja eit alpinmiljø.

Vi var tidleg ute med sosiale media i tillegg til den nye sjølvbetjente heimesida, og vi legger ut info og aktuelt stoff/linker, noko som har ført til mange «likes». Det er viktig å komme ut med informasjon tidleg som t.d. terminlista, då mange planlegg vinteren. Vi meiner at dette også er med på å synleggjere alpingruppa meir i lokalmiljøet og elles.

Kommentar til økonomien: Det er på ny søkt på tippemidlar/utstyrsmidlar tidlegare i haust om sikkerheitsnett og noko anna utstyr for langrenn. I fjar fekk me ikkje tippemidlar då ein prioriterte nye klubbar. Det er alltid ein utfordring at økonomien skal avsluttast midt i ”alpinåret”, så derfor kjem alpin ut med eit lite underskot i år, men mindre enn først antatt. Dette fordi det blei oppdaga formelfeil på resultatet samt at det har vore nokre feilføringar som har vorte retta opp utan at det hadde komme ny rapport frå rekneskapskontoret. Kasserar hadde derfor ikkje fått med meg endringa, noko som er retta opp. Mykje av investeringane er tekne, sjølv om me stadig treng meir sikkerheitsnett (lånar i dag frå Sogndal). Vi har nå etablert eit godt samarbeid om ein del fellesutstyr med Luster Telemark, der vi i fjar kjøpte trådlaust tidsaking i fellesskap frå HRN-kontoen, noko som er ein betydeleg forbetring under avvikling av renn.

Vi vil til slutt takke Geir Foss frå Sogndal for den jobben han har gjort som hovudtrenar, både inne og ute for tredje sesong på rad, og som ein god veiledar for både foreldre og utøvarar med alt som måtte ha med alpin å gjera!! Me vil også rette ein stor takk til alle som er på Sogn Skisenter for ein fantastisk jobb dei gjere, og no med Sognaheisen! Eit enormt arbeid har blitt lagt ned her. Storetrekket og den nye Sogneheisen til 1000 moh. frigjer heile 6 km med skikøyring ned til kafeen og opnar for nye moglegheiter særleg ved lite snø. Alpinbakkane er alltid flott trakka, så treningsane og renn er ein fryd å gjennomføra. Det er lett å vera i alpingruppa med eit slikt team som Sogn Skisenter stiller med!! Tusen takk til Hafslo Idrettslag som er villig til å satse på alpinsporten, då dette er ein dyr sport i eit lite idrettslag. Takk til alle som har hjelpt og støtta oss gjennom året!

01.01.16
Jørgen Berg-
leiar Hafslo alpint

4. Dugnad

Største dugnaden gruppa gjer er drift og vedlikehald av hoppbakkane og skitrekket i Kvam. Før sesongen byrja vert det utført rydding av stein, fjerning av stein, sko og kratt, samt sjekking av lysanlegg, vinsj og skitrekk m.m.

Dessutan gjennomføring av treningar, arrangering av hopprenn og Telenoskarusellane på Heggmyrane.

Hoppgruppa var med på arrangering av Lerum CUP med nattevakt m.m. På skulen og parkering i Moane, 25-28. juni.

Dommarar på hoppdel under NC telemark på Sogn Skisenter 17. april.

5. Resultat

KM – fylkesmeisterskap, hopp og kombinert, 8. februar 2015

- hopp K-55 , vinnar Ove Fredheim + kombinert (senior)
- hopp K-40 , vinnar Vegard Bondevik Lie
- hopp K-18 , vinnar Per B. Lomheim + kombinert (veteran)

Vestlandsmeisterskap, hopp og kombinert, 22. februar 2015

- hopp K-70 , vinnar veteran Ove Fredheim (nestbest på rennet)
- kombinert , vinnar senior/veteran Jon Ove Lomheim

Verdensmeisterskap for veteranar i Taivalkoski, Finnland, 23-29. mars 2015.

- hopp K-50 , 5. premie , Jon Ove Lomheim (klasse over 60 år)
- hopp K-40 , sølv , Jon Ove Lomheim
- kombinert , sølv , Jon Ove Lomheim
- hopp K-30 , 6. premie , Per Birger Lomheim (klasse over 50 år, 21 deltagar)
- hopp K-40 , gull , Per Birger Lomheim (klasse over 70 år)
- kombinert , gull , Per Birger Lomheim

Det kan leggast til at Jon Ove starta som nr. 6 etter det kombinerte hopprennen, men med beste langrennstid vart det sølv, med ei fotlengd føre bronsen.

6. Sesongen 2016

Dags dato ser det ikkje så lyst ut i Kvamsbakkane. Det har vore snø, men mykje mildver og store nedbørsmengder. Den 5. des. vart det 5 timer med førebuing, ikkje berre rydding, men hovudsakleg graving for å få bukt med dei enorme vassmengdene som herja med anlegget. Den 7. des. stilte Vegard, John Inge, Jon Ove og Per Birger opp til ny dugnad. Den 22. des. var det ny etterdugnad og kontroll med forholda.

Hoppsamlinga i Bjørkelibakken, Stryn, 28-29. des. vart avlyst grunn snømangel. Hafslo skal arrangera krinsrenn, SFE-cup-renn og 3 veteranar er påmeldt til VM.

Årsmelding for Orienteringsgruppa 2015

Gruppestyre: Ove Oklevik, leiar

Trond Sekse

Kurt Lerum

Pål Iversen

O-gruppa har i 2015 arrangert kretssamling for Sogn og Fjordane orienteringskrins 13-14.juni på Hafslo. Treningane var haldne i Okleviki og i Sogndal sentrum. Deltakarane låg på Lyngmo. Dette var eit løft for gruppa og ei fin erfaring å ta med vidare. O-gruppa kjem til å halde ei tilsvarende samling også i 2016.

Hafslo IL hadde 7 deltagarar på KM i mellomdistanse som Sogndal IL arrangerte i Moane 14.juni. Løpet skulle opprinnelig gått i Fjærland, men pga store snømengder der, vart Moane kartet utlånt til Sogndal IL slik at dei kunne arrangere KM. Hafslo fekk to KM vinnarar. Audun Kristian Oklevik tok gull i gutter 15-16 år, og Karin Sørli vart KM vinner for kvinner senior. O-gruppa hadde to deltagarar på Vestlandsmesterskapet i orientering i Førde i august. Både Trym og Iver Sollid leverte flott innsats der.

Gruppa har i løpet av 2015 også arrangert tre treningsløp i samarbeid med Sogndal IL. Eit av desse var i Gaupne i mai, som samla om lag 50 deltagarar. Dette arrangementet var i samarbeid med barneidretten i Bjørn og Hafslo IL, samt Luster barnas turlag. Det andre treningsløpet var i Okleviki i juni og samla ca 30 deltagarar. I tillegg vart det arrangert o-løp på Mollandsmarki i slutten av september med om lag 40 deltagarar.

ÅRSMELDING 2015 FOTBALLGRUPPA

Styret i fotballgruppa har i 2015 bestått av:

Ove Midtbø (leiar), Marie Stølen, Åge Ruud, Jan Inge Fimreite, Pål Iversen og Vivian Kvam

Vi har hatt 9 styremøter og har behandla 64 saker.

Siste helga i november deltok eitt styremedlem og 5 inviterte medlemer på SFFK sitt kretsting i Førde.

Fotballgruppa har også delteke på foreldremøter for aldersbestemte lag og hatt informasjonsmøter for trenarar, lagleiarar og foreldre før sesongen.

Fotballgruppa har eit årshjul og ein sportsplan som dannar grunnlaget for korleis vi planlegg og organiserer arbeidet gjennom sesongen.

SENIORFOTBALL:

På seniornivå har vi berre hatt damelag denne sesongen. I forkant av sesongen vart det gjort eit forsøk på å få på plass eit A-lag for herrer også, men det viste seg at det ikkje var stor nok interesse og derfor ikkje grunnlag for å melde på seniorlag for herrer. Hausten 2015 er det likevel på nytt sett i gong med A-lagstreningar, og det har vore 15-25 spelarar med på desse treningane hittil. Vi har derfor godt håp om å få på plass eit A-lag for herrer sesongen 2016.

Helge Fardal har vore trenar for damelaget i 4.divisjon, og oppmannsfunksjonen har vore løyst internt. Trass i at laget berre vann 1 av 10 seriekampar i løpet av sesongen, har det likevel vore godt oppmøte på trening og eit positivt tiltak for dei kvinnelege seniorspelarane i klubben. Vi håpar å få på plass eit damelag også neste sesong. Om det ikkje blir seriespel, må vi i alle fall jobbe for å få på plass eit treningstilbod for dei ivrige og treningsvillige damespelarane våre.

ALDERSBESTEMT (11-16 år):

Hafslø IL har stilt med 8 lag i seriespel for aldersbestemte lag sesongen 2015 (4 jentelag og 4 guttelag).

G15/16 har i 2015 samarbeidd med Kaupanger om lag i 11`ar-serien, der Ole-Herman Meløy har vore med som trenar og Ove Oklevik som oppmann frå Hafslø. Frå Kaupanger har Tor Arne Hov og Øystein Ruud vore trenarar, og Berit Raknes oppmann. Samarbeidslaget har hatt ei samla spelargruppe på 18 spelarar født i 1999 og 2000 (10 frå Hafslø og 8 frå Kaupanger). Laget starta opp med fellestreningar i januar, og har hatt innetreningar både i Sognahallen og i Gaupne og utetreiningar på Kaupanger og i Moane. Laget har spelt heimekampar både på Kaupanger og i Moane. Totalt har laget spelt 15 seriekampar denne sesongen, der det har blitt 6 sigrar, ein uavgjort og 8 tap. Både under og etter sesongen vart det gjort ei evaluering av samarbeidet mellom klubbane som syner at dette har fungert godt. I oktober vart det halde eit foreldremøte blant foreldra til G00 og G01-gutane om eit eventuelt vidare samarbeid om eit G15/16-lag også neste sesong. Eit fleirtal i foreldregruppa ønskte at Hafslø IL skulle stille eit eige lag i G15/16-serien neste sesong, og det blir derfor ikkje samarbeid med Kaupanger sesongen 2016.

G13/14 har hatt med to lag i seriespel sesongen 2015 (eit sjuarlag og eit niarlag). Nils Einar Søhoel og Tommy Sørensen har vore trenarar, Ove Midtbø har vore oppmann. Spelargruppa



Hafslo G13/14 1 jublar etter 4.plass i A-sluttspel under Lerum Cup 2015

J13/14 har stilt med eitt sjuarlag i serien sesongen 2015. Jan Tore Jåstad har vore trenar, og Grete-Marie Solvi har vore oppmann. Spelargruppa har bestått av 10 spelalarar (8 jenter født 2002 og 2 spelalarar født 2001). Fleire spelalarar frå J12 har også hospitert på J13/14 i løpet av sesongen. Jentene har klart seg godt i løpet av sesongen, trass i at dei stort sett har møtt lag med hovudtyngde av J14-spelalarar. Det vart likevel 4 sigrar, 3 uavgjort og 5 tap denne sesongen. Jentene har spelt mange jamne kampar, og har særleg imponert på heimebane med berre eitt tap og ikkje minst uavgjort mot avdelingsvinnar Lærdal. Det må også nemnast at laget stort sett har hatt live-oppdatering på Facebook frå alle kampane sine denne sesongen. Impонerande!


J12 har stilt med eitt sjuarlag i serien sesongen 2015. Norill Terese Norheim har vore trenar, og Hilde Holte Selland har vore oppmann. Spelargruppa har bestått av 10 spelalarar, i tillegg til at J11-spelalarar har hospitert opp på laget i løpet av sesongen. Det blir ikkje sett opp tabell og delt ut pokalar for 12-års klassa, men dersom dette hadde vore tilfelle hadde Hafslo J12 garantert vunne ein tittel i år. Laget har vunne alle sine 8 seriekampar, noko som er veldig imponerande og lovar godt med tanke på framtidige sesongar. Laget har uansett samla sett stått for ein av dei største sportslege prestasjonane blant Hafslo IL sine lag i serien denne sesongen.

G12 har delteke med eitt sjuarlag i seriespel denne sesongen. 11-åringane har vore ein del av denne spelargruppa, då dei er for få til å stille eige lag. Joar Duesund og Torgeir Torgersen har vore trenarar. Wenche Linde og Anne Grete Lomheim har vore oppmenn. Spelargruppa har bestått av 16 spelalarar. Trass i at laget har tapt alle sine 18 seriekampar, har laget likevel stått for den største prestasjonen blant Hafslo IL sine lag sesongen 2015. Trenarar, spelalarar og foreldre på Hafslo G12 inviterte andre lag som også stort sett hadde tapt fotballkampar til Hafslo Cup på kunstgrasbana 26.september. I tillegg til Hafslo G12, deltok Vang, Bjørn og Jølster. Alle deltagande lag vann minst ein av sine kampar. Hafslo G12 vart nominert til månadens Fair Play-pris for september for arrangementet, og som Hafslo G12 vann. Seinare vann laget årets Fair Play-pris på kretstinget i Førde i slutten av november. Laget har i tillegg fått omtale i Sogn Avis for innsatsen. Dette er virkelig ein prestasjon som sjølv sagt laget med trenarar, spelalarar og foreldre skal vere stolte av, men også heile Hafslo IL. Denne utmerkinga er med på å tydeleggjere at det ikkje alltid er å vinne som er viktigast, men å fokusere på inkludering, respekt for andre lag, engasjement og ikkje minst glede med det ein driv med!

J11: Hafslo IL har hatt med to lag i J11-serien sesongen 2015 (eit reint J11-lag og eit lag med J9/10-jenter). Ove Oklevik og Jan Erik Røneid har vore trenarar for J11-jentene, og Ragnhild

LERUM CUP 26.-28.JUNI 2015:

I år stilte Hafslo IL med heile 9 lag under Lerum Cup siste helga i juni, og vergudane viste seg frå si beste side denne helga. Dei fleste foreldra og andre støttespelarar jobba dugnad som vanleg, og også årets arrangement vart ein suksess. Inntektene frå denne dugnadsinnsatsen dannar grunnlaget for at vi kan ha låg trenings- og medlemsavgift, at laga våre kan reise på turneringar med låg eigenandel og vi får høve til å kjøpe inn nytt utstyr ved behov.



Fantastisk sommarver og ramme rundt årets Lerum Cup. Her kampbilete frå laurdag 27.juni.

Reint sportsleg gjekk det også bra for laga våre. Dei yngste laga spelte mange gode og jamne kamper, der det vart både sigrar og tap. G13/14 stilte to sjuarlag. Det eine laget kom til semifinalen i A-sluttspelen, men vart til slutt nr.4 etter tap i bronsefinalen. Det andre G13/14-laget vart nr.4 i B-sluttspelen. J13/14 kom til finalen i B-sluttspelen, men tapte finalen og vart til slutt nr.2. Flott innsats av alle laga våre under årets Lerum Cup.

Resultata for Hafslo IL sine lag frå Lerum Cup 2015 ligg på heimesida vår.

ANDRE TURNERINGAR OG ARRANGEMENT:

Første helga i februar deltok Hafslo IL med 6 lag i innleiande runde av KM innandørs. Tre av laga gjekk vidare til sluttspelkampane 7. og 8.mars (J13, J14 og samarbeidslaget KIL/HIL G16). J13 gjekk heilt til finalen, og vart til slutt nr.2 etter finaletap mot Eid. Stor prestasjon å bli nr.2 i KM innandørs, og uansett god innsats av alle Hafslo sine lag.



Hafslo J13/14 jublar etter 2.plass i KM innandørs

Søndag 30.august arrangerte Hafslo miniputt-turnering på Hafslo, med 82 deltagande lag frå Hafslo, Bjørn, Kaupanger, Sogndal, Luster, Norane og Lom. Miniputt-turneringane er etterkvart blitt eit stort arrangement, med nærmare 500 spelarar i aksjon. Det betyr mykje personar totalt sett, og stiller store krav til organisering i forkant, parkering mm. Men vi klarte også i år å gjennomføre eit vellukka arrangement, takka vere flott dugnadsinnsats frå trenarar, lagleiarar, miniputt-foreldra, dommarar og kioskgruppa ved Erna og co.



Dei flinke miniputtane våre selde kaker til inntekt for fotballskule i Vietnam under miniputt-turneringa på Hafslo 30.august. Her representert ved blide J9-jenter!

I tillegg kan det nemnast at Hafslo IL har delteke med lag på Sparebanken Vest Cup i Måløy 16.-18.januar, innandørsturneringar i Sognahallen i februar og mars, Bendit Cup i Sogndal 24.-25.oktober, Førde Cup innandørs 6.-8.november og Futsal-turneringar 22.november og 20.desember.

Hafslo IL har også hatt deltakarar på Terje Skjeldestad sin keeperskule på Kaupanger både vår og haust 2015, og vi har hatt med lag på Jentefotballens helg på Kaupanger. Fleire spelarar frå Hafslo i alderen 12-14 år har også delteke på soneaktivitetar i regi av fotballkretsen i løpet av sesongen.

TINE FOTBALLSKULE HAFSLO 2015:

I år deltok 103 jenter og gutter i alderen 6 til 12 år på Tine Fotballskule på Hafslo 11.-13.august! Ein flott gjeng med deltakarar frå Hafslo, Veitastrond, Solvorn og Gaupne var med på å sette ny deltakarrekord for 8.året på rad! I tillegg til deltakarane, hadde vi med mange flotte ungdomar og foreldre som instruktørar. Alle desse 19 gjorde ein kjempeinnsats, og vi skal vere stolte av at vi har slike ungdomar og foreldre på Hafslo som stiller opp frivillig og som gjer at vi kan gje eit tilbod om fotballskule den siste veka av sommarferien!

DOMMARSITUASJONEN:

På dommarfronten har vi tidlegare hatt store utfordringar, noko som gjorde at vi sette i gong tiltak med rekruttering før sesongen. Fotballgruppa arrangerte mellom anna internt dommarrekrutteringskurs for ungdomsspelarar i klubben i februar, og har gitt tilbod om deltaking på rekrutteringsdommarkurs i regi av kretsen. Desse tiltaka har ført til at vi nesten utan unntak har klart å fylle opp med dommarar i alle kampar for miniputt og aldersbestemte lag denne sesongen. Vi har også vore bevisste på å tilby ungdomsspelarane betaling for dømming på miniputt-turneringa, då vi ikkje kan forvente rekruttering dersom dømming skal føregå på frivillig basis.

Vi har også hatt dommarar på rekrutteringssamlingar i regi av fotballkretsen, og både Vilde Sletten Moen og Elise Selland har tatt dommarutdanning og markert seg med dommaroppdrag på høgare nivå denne sesongen. Desse jentene har tatt store steg som dommarar, og er gode førebilete for dei yngre dommarane i klubben. Vilde og Elise deltok også på dommarsamling i Liverpool i regi av kretsen i oktober 2015, og fekk delta på SFFK sitt kretsting i Førde siste helga i november.

PRISAR OG UTMERKINGAR:

Hafslo G12 fekk tildelt månadens Fair Play-pris fra kretsen for september, på grunn av arrangementet Hafslo Cup 26.september. Seinare vart Hafslo G12 tildelt årets Årets Fair Play-pris blant månadsvinnarane under kretstinget i Førde siste helga i november. I grunngjevinga for prisen vart det vist til at dette var eit kjempefritt tiltak, der jamnbyrdigheit, høg aktivitet og trivsel stod i fokus. I tillegg til diplom og andre effektar, fekk laget kr.750 som månadsvinnar og kr.3000 som Årets Fair Play-pris. Hafslo G12 har fått positiv omtale i Sogn Avis, på kretsen sine sider, på heimesida vår og på Facebook som følgje av utmerkinga. Årets største prestasjon blant Hafslo IL sine lag sesongen 2015!



Stolte G12-gutar fekk utdelt velfortent Fair Play-pris i samband med trening på kunstgrasbana mandag 2.november!

Hafslo G13/14 fekk utdelt pokal på kretstinget som avdelingsvinnar i 2.divisjon for smågutar 9ar.

På kretstinget fekk Ove Midtbø tildelt kretsen sin blå diplom for sin innsats for fotballen i fylket.



Kioskgruppa gjer ein uvurderleg innsats for alle i klubben. Her frå Fotballavslutninga i Moane 19.oktober – alle i fotballfamilien på Hafslo fekk som vanleg rikeleg med mat og drikke som varma godt på ein heller kjøleg haustkveld i Moane!



Stein Helge og Kai Inge heldt eit flott førstehjelskurs for trenarar og oppmenn i Klubbhuset 3.juni. Utruleg viktig kunnskap dersom behov for behandling oppstår i samband med fotballaktivitet!

Årsmelding 2015

Foreldrelaget for aldersfastlagd fotball

Gruppestyre: Britt Brugrand, Torill Ruud, Hanne Kvam, Jorunn Rørvik, Erna Hamrum (leiar)

Formål

Foreldrelaget har 2 formål:

- Medverka til eit godt sosialt miljø for spelarane på aldersfastlagde lag
- Syta for at det er økonomisk bidrag for juniorfotballen

Sosialt miljø

Teamet rundt kvart lag er det viktigaste for å skapa trygge, akseptante og inkluderande rammer.

- * Alle lag har ei ordning med kaffi- og kakesal på heimekampane sine. I tillegg til at dette gjev laga inntekter til sosiale treff eller turar, skapar det ei god ramme rundt kampane, både for besøkande og fotballfamiliane. Foreldrelaget tilrettelegg for dette med krus og serviettar.
- * På heimeturneringar får laga våre mat og/eller drikke i kiosken
- * I august arrangerte HIL miniputturnering. Foreldrelaget samordna kiosksalet
- * Foreldrelaget laga til og serverte varm mat som avslutning på Tine fotballskule i august.
- * 19. oktober arrangerte me sesongavslutning for alle fotballfamiliar. Arrangementet vart halde søndag 19. oktober i samband med fotballkampar

Økonomi

- * Foreldrelaget har ansvar for alt vask av klubhuset gjennom sesongen + hovudvask etter sesong. Hovudvasket vart sett bort til langrennsgruppa i år og.
- * Foreldrelaget er ansvarleg for kiosksalet ved alle turneringar i Moane. Lerum Cup er ei viktig inntektskjelde for idrettslaget. Det krev mykje dugnadsarbeid både før, under og etter turneringa. Det blir og leigd inn hjelpe til varehåndtering før og under turneringa. Det var ein auke i speletida på Hafslø i år. I tillegg var det 3 flotte sommardagar under turneringa. Dette var med og bidrog til at kiosksalet fekk ny salrekord.

For å få alt til å fungera optimalt, er ein avhengig av fleire nøkkelpersonar som kan jobba sjølvstendig på dei ulike stasjonane. Idrettslaget er heldige å ha mange slike flinke nøkkelpersonar som set av fleire vakter for å få i hamn denne store dugnadsjobben. Totalt var behovet for tilrigging, kiosksal og produksjon, bosplukking og reinhald, dømming, parkering og skulevakthald ca 350 vakter, eller 2 150 timer i løpet av ei veke !

Tusen takk til alle som var med og hjalp til ved ulike arrangement i 2015 !

**Takk til ei ansvarleg, arbeidsvillig og flott gruppe å jobba i !
Me takkar for samarbeidet med Britt, Torill og Jorunn !**



Hafslø 31.12.2015

Erna Hamrum

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



LOV FOR HAFSLO IDRETTSLAG

Stifta 25.11.1934, vedteke av årsmøtet 07.02.2013, med seinare endringar av 11.02.2016,
godkjent av Sogn og Fjordane idrettskrets [dato].

I. INNLEIANDE REGLAR

§ 1 Formål

- (1) Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).
- (2) Arbeidet skal pregast av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegheit.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettslaget er sjølveigande og frittståande med berre personlege medlemar.
- (2) Idrettslaget er medlem av det/dei særforbund som laget sitt årsmøte bestemmer.¹
- (3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom sogn og Fjordane idrettskrets, høyrer heime i Luster kommune, og er medlem av Luster idrettsråd².
- (4) Idrettslaget skal følgje NIF og tilslutta organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak. NIF sitt regelverk gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

§ 3 Medlemar

- (1) For at ein person skal takast opp i idrettslaget må vedkomande:
 - a) akseptere å overhalde idrettslaget og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak.

¹ Idrettslaget må vere medlem av det/dei særforbund som organiserer idretten/idrettane laget driv, med mindre laget berre driv mosjonsidrett som ikkje er organisert av eit særforbund i NIF, jf. NIF si lov § 10-1. Dette skal kome fram av idrettslaget sin organisasjonsplan som vert vedteke av årsmøtet. Det er også årsmøtet som vedtek innmelding/utmelding i det/dei aktuelle særforbund.

² Idrettslag kan berre vere medlem av eitt idrettsråd. Dersom idrettslaget sitt naturlege område strekkjer seg over meir enn ein kommune, avgjer idrettslaget sitt årsmøte kva idrettsråd det høyrer til.

Medlemskontingensten vert fastsett av årsmøtet.³ Andre avgifter/eigendelar kan krevjast for deltaking i idrettslaget sitt aktivitetstilbod.

II. TILLITSVALTE OG TILSETTE

§ 5 Kjønnsfordeling

- (1) Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, skal begge kjønn vere representert. Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld også der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.
- (2) Ved val/oppnemning til styre, råd, utval/komité mv. i strid med regelen, skal styret innan ein månad etter årsmøtet sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte der nytt val vert gjort. Eksisterande medlemar i det aktuelle styret, komitéen mv. vert sitjande til nytt styre, komité mv. er valt/oppnemnt.
- (3) Idrettskrinsen kan påleggje idrettslaget å oppfylle regelen, m.a. med innkalling til nytt årsmøte eller foreta ny oppnemning.
- (4) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Søknad om dispensasjon må vere sendt til idrettskretsen innan 14 dagar etter årsmøtet. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

- (1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava, jf. § 3 (1). Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt, jf. § 16.
- (2) Ein medlem som er arbeidstakar i eller har oppdragsavtale med idrettslaget, jf. § 7 (3), har ikkje stemmerett på idrettslaget sitt årsmøte. Dette gjeld ikkje for spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i laget.

³ Idrettslaget kan innføre ulike kontingentkategoriar (t.d. for familiar, pensjonistar, studentar). Kontingensten må vere på minst kr 100 per medlem. Årsmøtet kan vedta at æresmedlemar skal vere friteke for betaling av kontingent.

- (5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (6) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning av gongen.

§ 8 Representasjonsrett og vilkår for val for andre personar med tilknyting til idrettslaget

- (1) Ein medlem som har ein avtale med idrettslaget som gjev vedkomande ei økonomisk interesse i drifta av idrettslaget, kan ikkje veljast til verv i styre, råd, utval/komit   mv. innan idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett, eller aksjon  r med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har slik avtale som nemnt i f  rste setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av idrettslaget. Tillitsvalt som f  r ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar   r g   ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje g   inn att f  r tilsettingsh  vet er avslutta.
- (2) Person som etter f  rste ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnst som representant til   rsm  te/ting eller leiarm  te i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnst representant med tilsvارande tilknyting til det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen blir ikkje sett på som valt eller oppnemnt.
- (4) Idrettskrinsen kan, når det ligg føre s  rlege tilh  ve, gje dispensasjon fr   denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/oppnemning kvar gong.

§ 9 Inabilitet

- (1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i idrettslaget er inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjera:
 - a) n  r vedkomande sj  lv er part i saka,
 - b) n  r vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje s  r n  r som s  sken,
 - c) n  r vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
 - d) n  r vedkomande er leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.

gjev sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarne kunne høre og kommunisere med kvarandre.

- (3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

§ 11 Refusjon av utgifter til tillitsvalte. Godtgjersle

- (1) Tillitsvalt kan motta refusjon for nødvendige, faktiske utgifter som vedkomande får i samband med utføring av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan motta ein rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- (3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal kome klart fram i vedteke budsjett og rekneskap.

III. ØKONOMI

§ 12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- (1) Idrettslaget er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalenderåret.⁷
- (2) Dersom idrettslaget har ein årleg omsetnad på mindre enn kr 5 millionar, skal laget følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar, men kan, etter vedtak av styret, velje å følgje rekneskapslova. Dersom idrettslaget har ein årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir, skal laget følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjere statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemmar. Kontrollkomitéen sine oppgåver følgjer av NIF si lov § 2-12.
- (3) Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.
- (4) På årsmøtet skal det fastsetjast eit budsjett som innehold alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Rekneskap og budsjett for idrettslag som er organisert med grupper/avdelingar, skal også omfatte rekneskapa og budsjetta for gruppene/avdelingane. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital. Det vedteke budsjettet bør kome fram i ei eiga kolonne når årsrekneskapet vert lagt fram.

⁷ Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gje dispensasjon til å nytte avvikande rekneskapsår.

saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett på årsmøtet vedtek det ved godkjenning av saklista.

§ 14 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere medlem. Det kan veljeast fleire dirigentar og referantar.

§ 15 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal⁹:

1. Godkjenne dei som har stemmerett.
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtere glane.
3. Velje dirigent, referent, og to medlemar til å skrive under protokollen.
4. Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert eventuelle gruppearsmeldingar.
5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.
6. Handsame forslag og saker.
7. Fastsetje medlemskontingent på minst kr 100, og treningsavgift, eller gi gruppestyra fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppa si aktivitet.¹⁰
8. Vedta idrettslaget sitt budsjett.
9. Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.¹¹
10. Gjere følgjande val:¹²
 - a) Leiar og nestleiar
 - b) 4 styremedlemar og 2 varamedlemar¹³
 - c) Andre val i høve til vedteken organisasjonsplan, jf. pkt. 9.
 - d) To revisorar.¹⁴
 - e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - f) Valkomité med leiar, to medlemar og eitt varamedlem.

⁹ Dersom saklista ikkje vert fullført, kan det kallast inn til framhaldande årsmøte. Slik innkalling skjer på tilsvarande måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortare frist godkjent av årsmøtet.

Framhaldande årsmøte kan berre handsame saker som var med i godkjent sakliste for årsmøtet.

¹⁰ Årsmøtet kan fastsette ei øvre grense på storleik på treningsavgifta.

¹¹ Organisasjonsplanen skal regulere den interne organiseringa og aktiviteten i idrettslaget.

¹² Dette er minimum av dei tillitsvalte som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velje andre tillitsvalte det er behov for.

¹³ Idrettslaget kan velje om styremedlemar skal veljast for eitt eller to år av gongen. Tal styremedlemar og varamedlemar må fyllast ut ved vedtak av loven, minimum eitt styremedlem og eitt varamedlem. Styremedlemar kan veljast til spesifikke oppgåver.

¹⁴ Idrettslag med årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir pliktar å ha engasjert revisor, og må ta inn følgjande som nytt punkt 10: «Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslaget sin rekneskap.» Punkt 10 må forskyvast til nytt punkt 11 og nytt punkt 11 bokstav d) endrast til: «Kontrollkomité med minst to medlemar.»

- (3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemar med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemar vedteke i idrettslaget si lov. Dersom det ekstraordinære årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.
- (4) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.
- (5) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer det ekstraordinære årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklisten, om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast.

§ 18 Idrettslaget sitt styre

- (1) Idrettslaget vert leia og forplikta av styret, som er idrettslaget sitt høgste styringsorgan¹⁵ mellom årsmøta.
- (2) Styret skal m.a.:
 - a) Setje i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak.
 - b) Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd, og sørge for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og har forsvarleg økonomistyring.
 - c) Etter behov oppnemne komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse.
 - d) Representere idrettslaget utetter.
 - e) Oppnemne ansvarleg for politiattestordninga.¹⁶
 - f) Oppnemne ein ansvarleg (tillitsvalt eller tilsett) for barneidretten¹⁷.
- (3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemane krev det.

§ 19 Grupper og komitéar

- (1) Valkomitéen vert valt på årsmøtet på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret, og

¹⁵ Hovudstyret leiar og forpliktar laget. Dette tilseier at det er hovudstyret som kan gjere tilsetjingar og ingå evt. andre avtalar som forpliktar idrettslaget juridisk. Hovudstyret kan likevel gjennom særskild instruks eller vedtak gje idrettslaget sine grein-/gruppestyre fullmakt til å forplikte laget innanfor rammene for instruksen/vedtaket.

¹⁶ Gjeld for idrettslag som organiserer aktivitet for mindreårige og/eller personar med utviklingshemming.

¹⁷ Gjeld for idrettslag som organiserer aktivitet for barn til og med fylte 12 år.

- (3) I samband med godkjenninga kan idrettskrinsen påleggje nødvendig endring for å unngå motstrid med NIF sitt regelverk.
- (4) Endring i §§ 21 og 22 kan ikkje vedtakast av idrettslaget sjølv med mindre endringane følgjer av NIF sitt regelverk eller lovnorm.

§ 22 Oppløysing. Samanslåing. Anna opphør

- (1) Forslag om oppløysing av idrettslaget må først handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte tre månader seinare. For at oppløysing skal skje må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.
- (2) Samanslåing med andre idrettslag vert ikkje rekna som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar knytt til dette skal gjerast i samsvar med vedtekten om lovendring, jf. § 21.
- (3) Ved oppløysing eller anna opphør av idrettslaget går laget sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av idrettskrinsen. Melding om at idrettslaget skal oppløysast, skal sendast til idrettskrinsen 14 dagar før idrettslaget held sitt ordinære årsmøte for handsaming av saka.

Budsjetta for dei to hoppbakkane er:

	K10	K20
Materialkostnader	149000	154000
Arbeid	491300	539600
Sum	640300	693600

Eit meir utførleg og detaljert kostnadsoverslag ligg i vedlegg 3.

Finansiering

	K10	K20
Spelemiddelløyving	300000	300000
Kommunalt tilskot	100000	100000
Bidrag Hafslø IL	100000	100000
Bidrag IL Bjørn	50 000	50 000
Dugnad og bidrag Sogn Skisenter	90300	143600
Sum	640300	693600

Fordelinga av dugnad mellom Sogn Skisenter og idrettslaga i kommunen vert gjort på eit seinare tidspunkt.

Delen av MVA som ikkje vert refundert, vert dekka av Sogn Skisenter.

Delprosjekt 3,4 og 5: Grunnarbeid stadion og sprintløype langrenn, asfaltering stadion og sprintløype langrenn, anlegg for snøproduksjon langrenn.


Tre prosjekt knytt til stadion og sprintløype for langrenn er planlagd, sjå vedlegg 2. Arbeidet med reguleringsplanen vil avgjere om denne plasseringa vert endeleg. Søknad om spelemiddelløyving vil tillegast kunne sendast november 2017, og med tillegast løyving i juni 2018. Men dette avheng av at reguleringsplanen over området vert vedteken i ila 1.halvår 2016, og at arbeidet grunneigaravtalar og tilrettelegging for steinuttak vert landa 1.halvår 2017. Forseinking av eit eller fleire av desse arbeida vil forskyve oppstart av arbeidet med minst eit år.

Budsjett

	Grunnarbeid	Asfaltering	Snøproduksjon
Materialkostnader	700000	1566000	950000
Arbeid	1469000	698000	400000
Sum	2169000	2264000	1350000

Eit meir utførleg og detaljert kostnadsoverslag ligg i vedlegga 4 og 5. Desse vedlegga gjeld grunnarbeidet og asfaltering. Det ligg ikkje ved eit detaljert budsjett for anlegget for snøproduksjon, dette budsjettet byggjer på eit tidlegare tilbod frå ein svensk leverandør justert for prisauke.

Vedlegg 1 Hoppanlegg



Vedlegg 3 Detaljert kalkyle hopp K10 og K20



KALKYLE
Sogn Skisenter

Revisjon 0.0 Dato: 2015-03-31

4779000:

Uført: J.O. Lomheim Kontrollert: T. Kvåle

Kalkyle: Rekrutteringsbakkar K10 og K20, Heggmyrane

Bd	Kap	WBS		Enh	Masse	Enh.pris	Delsum	Sum	Totalsum
1	-	FELLESKOSTNADER						Sum post 1:	
2	-	BYGNING						Sum post 2:	0
3	-	VVS						Sum post 3:	0
4	-	ELKRAFT						Sum post 4:	0
5	-	TELE OG AUTOMATISERING						Sum post 5:	0
6	-	ANDRE INSTALLASJONER						Sum post 6:	0
	-	HUSKOSTNAD (ekskl. avgift)							
7	-	UTENDØRS						Sum post 7:	0
70	-	Tilrigging						Sum post 70:	90 000
701	-	Rigg							90 000
71	-	Terregngbehandling						Sum post 71:	720 400
711	-	Bakke K10						Sum post 711:	311 400
-	0	Vegetasjonsrydding og avlaking veksjord	m2	400	30	12 000			
-	0	Avlaking av veksjord (masjord) og mellomlagring	m2	700	30	21 000			
-	0	Graving og massetlysing inntert	m3	350	70	24 500			
-	0	Rensk av felloverflate for sprengning	m2	80	30	2 400			
-	0	Sprengning inkl flåsprengning	m3	140	200	28 000			
-	0	Massetlysing til deponi	m3	0	70	0			
-	0	Finplanering bakke utan veksjord	m2	0	55	0			
-	0	Tilbabakefylling veksjord og finplanering	m2	1 100	35	38 500			
-	0	Såing og raking	m2	1 100	25	27 500			
-	0	Lengdemålaravsaltsar (trapp)	rs	1	15 000	15 000			
		Omlegging OV-røyr 600 (sprenging/graving og gjennfylling +50 % nye røyr)	m	17	2 000	34 000			
-	0	Jordgrøft for drenering (graving, fundament/omfylling og gjennfylling)	m	25	900	22 500			
-	0	Sprenging grøft og graving, fundament/omfylling og gjennfylling	m	15	1 600	24 000			
-	0	Drensør DV=100 x2	m	25	200	5 000			
-	0	Jordgrøft for OV-røyr og drenering (graving og gjennfylling)	m	25	1 000	25 000			
-	0	Drensør DV=100 + Overvassrøyr OV 400	m	40	400	16 000			
-	0	Oppsamlingskum m/ innlaksrist	stk	2	8 000	16 000			
712	-	Bakke K20					Sum post 731:	409 000	

Vedlegg 4 Budsjett for grunnarbeid i ny sprintløype og stadion

Mengder og prisar: knusing av massar på eige anlegg

	eining	mengde	Einings-pris	pris
Etablering av stikkrenner	RS	4	3500	14 000
Omlegging av bekk m/alt arbeid og massar	m	160	1200	192 000
Planering av løype og etablere grøfter	Time	35	700	24 500
Rydding av skog og transportering	RS	1	60000	60 000
Fiberduk, innkjøp - løype	m ²	6600	6	39 600
Fiberduk, utlegging - løype	m ²	6600	8	52 800
Geonett, innkjøp, 1. lag	m ²	6600	8	52 800
Geonett, utlegging, 1. lag	m ²	3300	35	115 500
Geonett, innkjøp, 2. lag	m ²	3300	8	26 400
Geonett, utlegging, 2. lag	m ³	2500	120	300 000
Sprenging, knusing, transport og legging - eigne massar	m ²	4800	6	28 800
Fiberduk, innkjøp	m ²	4800	8	38 400
Fiberduk, utlegging	m ²	4800	35	168 000
Geonett, innkjøp,	m ²	4800	8	38 400
Geonett, utlegging	m ²	2500	120	300 000
Sprenging, knusing, transport og legging - eigne massar	m ²	2750	15	41 250
Opparbeiding av grøntareal	m ²	2750	8	22 000
Såing	%	10		174 545
Uføresette kostnader (1 745 450,-)	%	6		115 200
Rigg og drift (1 919 995,-)	%	7		134 200
Prosjektering, administrasjon, byggeleiing (1 919 995,-)				
Sum kostnader ekskl. mva				2 169 395

Sak 4: Framtida til Hafslovatnet rundt

Bakgrunn:

Langrennsgruppa ynskjer å avvikle Hafslovatnet rundt. Grunngjevinga for dette er fylgjande:

1. Det har dei siste åra vore liten deltaking på rennet. Ser vi bort frå 50 års jubileet i 2013, då rennet gikk i strålende ver på isen, har det vore dalande deltaking. I 2015 var det kunn 21 aktive deltagarar på sjølve turrennet. Det vart i år registrert 72 i trimklassen. Interessa for rennet er lite når det går på Heggmyrane. Men med dei krava som er til løyper for aktive er det ikkje mogeleg å gjennomføra rennet nokon annan stad.
2. Vi har dyre langtidspremiar for rennet, og sjølv med sponsormidlar går vi i minus. Langrennsgruppa må difor jobbe dugnad for å dekke inn premiane for rennet. Det er heller ynskjeleg å bruka desse dugnadspengane på aktivitet for ungane. Langrennsgruppa legg ned mykje arbeid i gjennomføringa, og har ikkje noko att for arbeidet.
3. Det er dei siste åra same person som har vore rennansvarleg. Det er vanskeleg å få andre til å ta denne oppgåve. Dette gjeld og tidtaking.
4. Heggmyrane er lite egna for turrenn. Det vert veldig krevande å flytte rennet då vi er avhengig av trakkemaskiner for å få gode spor.

Langrennsgruppa med 4 styremedlemmer kan ikkje ta på seg vidare ansvar for gjennomføring av Hafslovatnet rund. Dersom det er ynskjeleg å vidareføra rennet må det settast av ei gruppe som kan ta heile ansvaret for gjennomføringa av rennet.

Vi håpar styret i Hafslø IL, kan ta stilling til dette, og eventuelt ta dette opp som sak på årsmøtet.

Med helsing

Langrennsgruppa i Hafslø IL

v/Jorunn Hillestad Sekse

Framlegg til vedtak 1:

Årsmøte vedtek at det vert sett i gang arbeid med å utvide «Hafslovatnet rundt»-nemnda frå 3 til 6 medlemmar. «Hafslovatnet rundt»-nemnda står som arrangør i lag med langrennsgruppa.

Framlegg til vedtak 2:

Årsmøte vedtek at «Hafslovatnet rundt» vert lagt ned med verknad frå 2017.

Hafslø 21.01.16

Sak 6: Godtgjersle styreverv

Framlegg til vedtak:

Årsmøte vedtek at godtgjersle for følgjande styreverv vert auka til:

Leiar: 40 000,-

Nestleiar: 20 000,-

Kasserar: 25 000,-

Gjeldande frå 2016

Hafslø 29.01.16